



Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 13.01.2022, kl 12.00-14.00 Stad: Videomøte

Deltakarar: Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Roald Aga Haug, Morten Midlang, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal og og Sigbjørn Hauge(frå kl 1240)

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Inviterte: Ellen Johnsen Haaberg, Statens Vegvesen
Tone Anette Espe, Statens Vegvesen
Jon-Terje Ekeland, Nye Veier

Agenda:

12.00 – 12.45	Orientering /status frå Statens vegvesen vedr. aktuelle prosjekt langs Rv 13 v/ Ellen Johnsen Haaberg og Tone A Espe Dialog/spørsmål
12.45 – 13.45	Sakshandsaming
13.45 – 14.00	Orientering/status frå Nye Veier AS v/ Jon-Terje Ekeland

Orientering/ status frå Statens Vegvesen v/ Ellen Johnsen Haaberg (Divisjon Transport og Samfunn) og Tone Anette Espe (Drift og vedlikehold vest, Seksjonsleiar for Plan og utbygging 1.)

Ellen Johnsen Haaberg:

Om vedtatt NTP, oppfølging:

Gjennomføringsplan blir no utforma og blir offentleg i februar, ikkje lenger Handlingsprogram. Avhengig av årleg vedtak i Statsbudsjett.

I tillegg til NTP: Drifts/vedlikehaldsbudsjett som inkluderer utbetringar. Mange små tiltak på korridor 5 inkludert rv13.

Riksveg 13 søre del:

Rødsliane: (rett nord for Lovraeidet) Som kjent frå Budsjettforliket (ny regjering – SV), tildelt 65 mill kr for 2022.

Reguleringsplan frå 2018-19 skal kvalitetssikrast ila januar og nye geologiske undersøkingar skal gjerast..

Styringsmål for prosjektet skal opp i Stortinget.

SVV svært positive til den politiske opprioriteringa av strekket.

Dette er ein start, viktig at fullfinansiering av strekket blir sikra ved politisk innsats.

Frå **Lovraeide – Nesvik** (ved Lovraeidet: stort ras okt 21)

Samferdselsstatsråden har uttalt: «...skal setja i gang med rassikringsprosjekt»

Geologirapport ila av januar, straktiltak er kun enkel sikring med nett etc.

No: Vurderingar for traseval (tunnel eller ikkje) i eit planprogram må skje før reguleringsplan.

Det krevst planleggingsmidlar. Suldal kommune vert sjølvstilt involvert i prosessen.

Laugaland: Det må jobbast politisk frå Ryfylke o.a. for å skaffa planleggingsmidler.

Tone A. Espe:

Litt om organiseringa i SVV: Espe representerer Plan og utbygging under seksjon Drift/vedlikehold under leining av Svenn E. Finden. Dei har ikkje store prosjekt, kun det som fell under drift/vedlikehald.

Irene Hegre har ansvar for søre del i same seksjon inkl. Brattlandsdalen.

Kinsarvik – Kyrkjenes: utlyst anbod, lågaste entreprenør ca 44 mill kr. og planlagt ferdig våren 2024.

SVV må få bindande restløyving frå Stortinget i statsbudsjettet i 2023. Statsbudsjettet har nokre midler for 2022, men ein treng meir for å ferdigstilla i 2023. Politisk innsats trengs.

Kyrkjeneset – Bjotveit: Strakstiltak frå våren 2022 for framkomst og trafikksikkerheit utifrå dei midlane som er tilgjengelege frå 2021. Jobbar utifrå synfaringa i 2020. Tiltak er under planlegging, inkl grunnnerv. Dei skal har same byggeleiar på begge prosjekta.

SPM: Kva med dei parsellane som no er tildelt Nye Veier, er det likevel SVV som skal gjennomføra strakstiltak?

Svar: Midlar som SVV har til rådighet er midlar tilført dei i 2021.

For overføring til Nye Veier er SVV avhengig av tydelege oppdrag/bestilling som skiljer mellom SVV og Nye Veier. Plan blir ikkje laga før denne avklaringa er gjort.

Presentasjonane vert vedlegg til møteboka.

Sakshandsaming:

Ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Sak 01/22 Meldingar

Meldinga vert teken til vitande av styret.

Sak 02/22 Årskonferansen og årsmøte 2022 Måndag 25. april - Hotel Scandic Stavanger, Forus v/ Hanne

Risiko for kva Covid 19 vil ha å seie for gjennomføringa er ein observant på. Avlysningsfrist utan økonomisk konsekvens er 9.03.22 i høve vald hotell. Vi bør ha eit nytt styremøte før dette.

Årsmøte og årskonferanse er føreslått etter tidlegare mal med styremøte søndag kveld 24.4. + sosialt program og felles middag for dei som kjem då.

Årsmøte er føreslått til mandag morgon og årskonferanse etterpå. Ca 6 timar konferanse inkl 3 gode pausar.

Økonomien er stram, og styret må slik det tidlegare er drøfta sjølve betala for deltaking. Totalbudsjett er noko over 110.000, og me kjem i balanse med ca 65 betalande deltakarar. Konferanseavgift for medlemmer er budsjettert til kr 1600,-, ikkje-medlem kr 2.200,-, styret har ikkje merknad til dette.

Møte- og debattleiar: Sigurd Ur, NHO Rogaland er spurd. Ingen kostnad. Aksept i styret.

Politikk.

Fem Stortingsrepresentantar, primært frå Transport- og kommunikasjonskomiteen har sagt ja til innlegg og deltaking i debatt (Sp, H, Ap, Sv, FrP). Styret føreslår at Rødt og blir spurde. Statsråd Nygård er invitert, men departementet har ikkje svart. Roald A. Haug kan supplera Hanne med kontakt dit.

Innlegg er avklart frå Nasjonal rassikringsgruppe v/Jenny Følling og frå Nye veier.

Styret ønskjer at Statens vegvesen blir representert ved vegdirektør Hovland.

Begge fylkesordførarar skal og spørjast.

Fag:

Det er ønskeleg å få inn nokre premissgjevarar for ny regjering sine ramer for utforminga av ny NTP samt oppfølginga av vedtatt NTP. Punkt om rassikring og står og i Hurdalsplattformen.

Det er og ønskeleg med eit reiselivsfagleg innlegg utfrå rv 13 si posisjon post-korona for rundreise-turistar.

Tema:

Det blir arbeidd utfrå at det politiske skal vera dagsaktuelt og knytt til riksveg 13 spesifikt. Innspel frå styret blir gjerne mottatt.

T.d. Oppfølging av Hurdalsplattformen med to punkt (Om m.a. nasjonal gjennomføringsplan for rassikring, og metode for samfunnsøkonomisk lønsemd på vegar med låg ÅDT)

Fylka si rolle: Korleis følgja opp NTP og utfordringane rundt ein heilskap for riksveg 13 med ny organisering?

Oppsummering: Roald Aga Haug tek ei kort oppsummering ved slutten av dagen.

Sak 03/22 Oppfølging av NTP

Nettbaserte partivise møte våren 2021 var svært nyttige.

Nye Stortingsspolitikarar frå hausten 2021 gjer det naturleg med benkemøte, truleg digitale møte for gjensidig informasjon og relasjonsbygging.

Samla transportkomite inviterer berre til formelle høyringar.

Administrasjonen tek kontakt med "benkane" og kan avtala møte via benkeleiarane Tina Bru, Rogaland for seg og helst felles møte for Vestland. Administrasjonen tek då kontakt med benkeleiarane Erling Sande, Sogn og Fjordane; Ove Trellevik, Hordaland.

Sak 04/22 Fast Post:

Gjennomgang av status for Rv13 – status for reguleringsplanar.

Eit oppsett over reguleringsplanar skal leverast Nye Veier

Reguleringsplanar, vedtatt og andre under arbeid langs Rv 13, førebudd oversikt frå kvar av kommunane:

1. Strand kommune (Kristoffer) : Etter Ryfast svært bra. Eit behov knytt til Tau sentrum for å sikra mjuke trafikantar. Planarbeide er ikkje starta.
2. Hjelmeland (Bjørn): Årdal – Hjelmeland. To strekk under arbeid. Plan for strekket Vindsvik – Kilane (Suldal) må lagast.

3. Suldal (Gerd Helen): Lovraeide-Rødsliane ligg føre, jf og orienteringa kring strekket Lovraeidet og sørover. I gang med reguleringsplan ny Førland bru over Suldalslågen.
4. Ullensvang (Roald): Grense Rogaland - Røldal; Treng nye vedtak Kløvet til Sandvin; Hilldal 900 meter regulert; Sandvin – Odda sentrum, ikkje klar; Lausasteintunnelen; I Odda sentrum er RV 13 regulert saman med andre prosjekt; Tunnel Kviturda-Odda sentrum manglar reguleringsplan; Kviturd-Tyssedal: Utvikling på Lindelnes; Tyssedal -Sandstå, plan som må «vaskast»; Sandstå-Deildo mangar plan; Djupevik-Geithamrane, Geithamrane ikkje regulert; Lofthus-Kinsarvik ikkje regulert; Kinsarvik sentrum plan frå 1982; Kyrkjenes-Berget: gammal plan; Tveisme-Bjotveit: ikkje regulert men behov.
5. Voss (Sigbjørn): Gang og sykkelveg på Palmafosossen er godkjent og har fått startmidlar; Kryss ved Tvildemoen. Kring Myrkdalen er starta opp ein reguleringsplan på gang og sykkelveg frå hotellet og sørover mot campingplassen: Vil verta godkjent i år.
6. Vik (Morten): Plan frå Rv13 til innslag av framtidig Vikafjellstunnel. Denne planen er 9 år gamal, og dei er begynt med lagring av massar frå Goteviktunnelen. Må få ny plan idet 10 års alder er grense for iverksetting.
7. Sogndal (Via administrasjonen) ; Fosshagen Bru - forventar oppstart 1.kvartal 2022; Bondeviki-Fardal - arbeid er starta opp.

Administrasjonen bed styret om deira kommunar sin skriftlege oversikt på deira eigne planar som skal startast, er under arbeid eller ferdig vedtatte. Fjordvegen Rute 13 og styret treng oversikt for planstatus. Fjordvegen Rute 13 er og bedt om å oversenda dette til Nye veier. Nettsida kommunekart.com har og oversikt.

Sak 05/22 Innmeldte saker/Ymse

- Medlemsrekruttering

Det blei orientert om arbeidet med å få nye næringsmedlemmer i nordleg del. Styret ønskjer og at Fjordvegen bed Sogn Regionråd om å bli medlem.

Dato for neste styremøte: Ein doodle vert sendt ut. Møtet må vera før 09.03.2022.

Status frå Nye Veier v/ Jon-Terje Ekeland

Nye Veier vil gjerne informera jamnleg i Fjordvegen sine styremøte. Det er aktuelt at ny prosjektutviklingssjef deltar i neste møte.

Status for tildelt strekk Skare – Sogndal:

Hardanger: Dei har hatt nyttig møte med SVV 2.11., men etter dette har prosessen stoppa opp.

Dei får ikkje oversendt informasjon/dokumentasjon frå SVV før overføring av oppgåvene er bestemt og avtalar er signerte. NV har skrive forslag til avtale.

Dette hindrar framdrift. Viktig ikkje å gjera arbeidet dobbelt.

Arbeidet med å få på plass eigen ressurs for RV13 er i gang. Nye Veier har omorganisert si eiga verksemd og skilt ut Planavdeling.

Midler er sett av for 2022 for viktigaste tiltak.

Asplan Viak. avd. Leikanger er allereie engasjert som konsulent og skal finna kva utfordringar som er på strekninga, og korleis få ein meir heilskapleg plan.

Dei er oppmerksame på at NTP bestemmer å få på plass ein nasjonal rassikringsplan.

SPM: Nye veier har reservert midler i 2022, er det berre planleggingsmidlar?

Svar: Det er og midlar til gjennomføring.

SPM: Har de oversikt over godkjende planar?

Svar: Nei ikkje endå, men dette skal Asplan Viak gripa fatt i. Har hatt oppstartmøte med Asplan Viak.

Fjordvegen vil senda over sitt oppsett over reguleringsplanar til Nye Veier. Kommunane håpar på at dei kjem godt i gang med arbeid og er klare for å bistå.

NV påpeiker og at det ikkje alltid trengs reguleringsplanar, byggjesak kan vera tilstrekkeleg.

SPM: Er Vikafjells-tunnel med i oppdraget?

Nei, ikkje pr no. Men NV kan gjerne utgreie og analysere for eit muleg vedtak for utbygging i neste NTP.

Presentasjonen ligg ved møtoreferatet.

Kinsarvik, 13.01.2022

Jostein Eitrheim
referent